

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5. februar 2024

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/24 Klage på sluttfaktura dagskortjakt i Nordheimsdalen - Arvid Gilje

### Saksopplysning:

Klagar meine me ikkje kan leggja på kommunale fellingsavgifter på sluttfaktura på dagskortjakt. Grunngjevinga er slik som eg forstår det at når dei andre jaktlaga som jaktar der ute betalar grunnavgift på 2000,- pr. vaksne dyr vert den trekt frå i slutttoppgjeren. Klagar meiner dagskortleiga bør dekke kommunale fellingsavgifter. I dag kostar det 400 kr. + kr 100 pr. tilleggsjeger å leiga dagskortjakt på hjort i Nordheimsdalen, i tillegg kjem kjøtpisen på kr 63,- pr kg. Dei kommunale fellingsavgiftene er i dag på 411,- kr. pr. vaksne dyr, og dei blir kravd inn etterskotsvis på felte dyr. Det er ei ordning som me har praktisert heilt sidan fjellstyret tok over administrasjonen av hjortejakta frå Statskog SF i 2004. Notat frå Arvid Gilje datert 2.1. og 5.1.24 ligg ved. Det same gjeld underskriven avtale med jaktlaget v/Arvid Gilje, datert 29.11.23.

### Vurdering:

Dagskortjakta i Nordheimsdalen vart vedteken starta i Fsak 25/16. Då var det presisert i leigeavtalen som jaktlaga skrev under på at fellingsavgifter kjem i tillegg til kilopris på felte dyr i sluttfaktura. Det same året i Fsak 13/16 vart retningslinjer for utlysing og gjennomføring av «Elg og hjortejakta i Aurland statsallmenning» vedteke. Der vart det opna for dagskortjakt og det står spesifisert at fellingsavgifter kjem i tillegg til kilopisen på kjøt minus grunnavgift.

To år etterpå i Fsak 6/18 vart «Prosedyre for utleige av dagskort» revidert, då vart det opna for større kvotar. Men i leigeavtalane som vart skrive det året står det ikkje noko om fellingsavgifter, men det står i punkt 4 : «*Brot på viltlov, føresegner, lokale retningslinjer for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning ( [www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no) ) og leigeavtale, kan føra til at jaktretten etter denne avtalen vert trekt attende, sjå punkt 7 i lokale retningslinjer.*» Så i dei lokale retningslinjene for elg og hjortejakt står det framleis at fellingsavgifter kjem i tillegg. Det står og at ein finn dei på heimesida til Aurland fjellstyre, og dette har jaktleiar skrive under på at er forstått.

Endå to år etterpå vert ordninga med sal av dagskort på hjortejakta utvida til å gjelda heile valdet frå 1. november i Fsak 20/20. I prosedyren for utleige av dagskort er ikkje fellingsavgifter nemnt, men leigekontrakten innheld framleis punktet om at fellingsavgiftene kjem i tillegg, med henvising til [www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no) .

Dei jaktlaga som leiger i lengre periodar må betala ei grunnleige på 2000,- pr. vaksne dyr anten ein feller eller ikkje. Sidan Aurland fjellstyre overtok utleiga av elg og hjortejakt i Nordheimsdalen frå Statskog SF i 2004, har me kravd inn kommunale fellingsavgifter på felte dyr.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5. februar 2024

Stad: Fjordsenteret

*Sak. 06/24, side 2*

Dagskortjakta er etter Aurland fjellstyre sitt syn ein svært fleksibel og god ordning for å tilby fleire jegerar moglegheita til å koma seg på hjortejakt på ein rimeleg måte.

Klagar har sjølv vore kjend med ordninga om at fellingsavgifter kjem i tillegg, då han fekk sluttrekning på dagskortjakt i desember 2020, som vart betalt.

**Framlegg til vedtak:**

Aurland fjellstyre aviserer klage på sluttfaktura på dagskortjakt i Nordheimsdalen frå Arvid Gilje. Grunngjeve med at heilt sidan Aurland fjellstyre overtok utleiga av hjortejakta i Nordheimsdalen frå Statskog SF i 2004, har kommunale fellingsavgifter vorte lagt på sluttfaktura på felte dyr.

Aurland, 30. januar 2024

Håkon Øydvin  
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

## NOTAT

Aurland 02.01.24 og 05.01.24

Fellingsavgifta dagskort ikkje grunnlag for å krevja inn.

### Innleiing

Eg har lest gjennom alle sakar og vedtak som har interesse i denne saka.

Visar til mail sendt fjellstyret 28.12.23 kl 18.01. I dette notatet kjem dette meir detaljert fram og ein klår tilråding: **Eg ser bare fordeler for både jegarar og fjellstyret ved å behalde dagens ordning og formalisere denne. Det kan gjerast enkelt ved å presisera at dagskortleiga dekkar fellingsavgift dersom ein skyter vaksne dyr.**

Det er i dag to hovedprinsipp for jakta i Nordheimsdalen.

#### 1. Jaktavtala med Aurland Jakt og Fiskelag (AJF). Øvre del. Same ordlyd i jaktavtala nedre del (avsnittet om elg er sjølvsgatt ikkje med)

Punkt 3: «*For hjortejakta skal det betalast ei grunnavgift på kr. 2000 for vaksne dyr. Fellingsavgifta kjem i tillegg. For felte dyr skal det betalast kr. 63 pr kg. Med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvekter..... I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.*

*For elgjakta skal det betalast ei grunnavgift på kr 3000 på vaksne dyr, og kr 1500 på kalv. Fellingsavgifta kjem i tillegg. ..... I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå».*

**Grunnavgifta vert betalt på forskot på eit antal dyr.**

*Dette er den eine måta som det blir praktisert på og denne er heilt grei fordi her blir grunnavgifta trekkt frå. Då er det naturleg at fellingsavgifta kjem i tillegg.*

#### 2. Jaktavtala med dagskort

Punkt 3: *For hjortejakta skal det betalast ei dagleige på kr 400, og kr 100 for kvar tilleggsjeger.*

*For felte dyr skal det betalast kr. 63 pr kg. Med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvekter.....*

*Dagleige må betalast før ein startar jakta, oppgjer for felte dyr blir fakturert etterskotvis.»*

**Dette er den andre måten å gjera det på. Dagleige vert betalt på forskot. Det står ikkje noko i sak 20/20 eller i jaktavtala om at fellingsavgifta kjem i tillegg/(skal betala fellingsavgift) for dagskortjegarane og då kan ikkje fjellstyret kreve inn fellingsavgifta.**

**Konklusjon: Fellingsavgifta må dekkjast av dagskortleiga med 822kr.**

**Eg meiner klårt at det overhodet ikkje er rom for anna tolkning.**

Samanlikning dei to ordningane:

Dagskort vert betalt på forskot dagkortleige. Fellingsavgift dekkast av dagkortleige er same prinsipp som Jaktavtale øvre og nedre ut oktober. Der det vert betalt på forskot ei grunnavgift som vert trekt i frå kjøttprisen.

Leigeavtala dagskort må føgje fjellstyret sitt vedtak slik som det er gjort for leigeavtala med Aurland Jakt og Fiskelag (AJF).

Fjellstyret har ikkje vedteke at fellingsavgift kjem i tillegg jfr. Sak 20/20 og det står ikkje at fellingsavgifta kjem i tillegg i leigeavtala. **Difor kan ikkje fellingsavgifta krevjast.**

Begge prinsippa er OK. Dagskortjegarane kan ikkje falle därlegare ut enn jaktlaga øvre og nedre om ikkje dagskortjegarane «får frådrag for fellingsavgifta» i framtida.

Har du ein månad på deg so er det vesentleg stor forskjell enn to dagar for dagskortjegarane og dermed har jaktlaga mykje større sjangse å få felt dyr.

Etter det som eg var opplyst om så er det skote tre vaksne dyr. Kan vera fleire som eg ikkje veit om. Det utgjer ein fellingsavgift på 1233kr. Fjellstyret med stort overskot på dagleiga. I tillegg kjem kjøttprisen som er ein betydeleg inntekt.

**Eg ser bare fordeler for både jegarar og fjellstyret ved å behalde dagens ordning og formalisere denne. Det kan gjerast enkelt ved å presisera at dagskortleiga dekkar fellingsavgift dersom ein skyter vaksne dyr.**

Med helsing

Arvid Gilje  
Mobil 45150083



### Leigeavtale om hjortejakt.

Mellan Aurland Fjellstyre som utleigar og

Arvid Gilje, Lars Christian Vikesland, Christian Kjærvik og Gjermund Tokvam

som leigetakar er det inngått avtale om leige av hjortejakt på fylgjande vilkår:

1. Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsalmenning, gnr. 57/2 i Aurland kommune, begge jaktfelta, grensene til statsalmenninga finn ein på vanlege turkart.

**Dato: 2 og 3 desember 2023**

2. Valdansvarleg skal ha melding kven som blir med på jaktaget, kvoten er på eit dyr pr. jeger. For jakta 2023 er tildelinga som frie løyve og det er fri kalvakvote.

Utleigar kan oppheva avtalen dersom leigetakarane på ein vesentleg måte bryt vilkåra i avtalen eller i føresegner etter jaktlovgjevinga. Leigetakarane er sjølv ansvarlege for at dei som skal jakta på området har betalt dei fastsette avgifter og elles fyller dei krav viltlovgjevinga set.

3. For hjortejakta skal det betalast ei dagleige på kr. 400, og kr. 100 for kvar tilleggsjeger. Viss ein reise inn ein dag og ut neste dag blir det 2 dagars leige, overnatting er inkludert i prisen.

For felte dyr skal det betalast kr. 63 pr. kg. med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvekter:

Vaksen bukk	77 kg.
Bukk 1,5 år	48 kg.
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	42 kg
Kalv	22 kg.

Dagleige må betalast før ein startar jakta, oppgjer for felte dyr blir fakturert etterskotvis

4. Brot på viltlov, føresegner, lokale retningslinjer for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning ([www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no)) og leigeavtale, kan føra til at jaktretten etter denne avtalen vert trekt attende, sjå punkt 7 i lokale retningslinjer.

5. Kopi av godkjent ettersøksavtale skal sendast utleigar for jakta tek til.

6. Melding om felte dyr skal snarast råd og seinast tre dagar etter felling gjevast til fylgjande for eventuell kontroll:

Aurland Fjellstyre 57633566 / 99567650  
E-post: [haakon.oydvin@fjellstyrene.no](mailto:haakon.oydvin@fjellstyrene.no)

Fellingstad skal avmerkast på kart som skal sendast utleigar etter jaktslutt. Leigetakar er ansvarleg for at sett hjort skjema ([www.settogsutt.no](http://www.settogsutt.no))vert fylt ut seinast 5 dagar etter jaktslutt.

Som utleigar

Aurland den 28/11 2023

*Håkon Øydvin*  
sign  
for Aurland Fjellstyre

Som leigetakar

*Aurland* den 29.11.23

*Håkon Øydvin*